



Meland kommune

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/616 - 16/16870

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
02.09.2016

Regional planstrategi 2016-2020 Hordaland fylkeskommune- Høyring

MRK: 2015/7064

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:
Hordaland Fylkeskommune

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE - 121	16/616

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
74/2016	Formannskapet	PS	31.08.2016

Regional planstrategi 2016-2020 Hordaland fylkeskommune- Høyring

Vedlegg:

Regional planstrategi 2016 - 2020 Hordaland - høyringsforslag
Utviklingstrekk i Hordaland - AUD-rapport nr. 2 - 16
Utviklingsplan for Hordaland - høyringsforslag - Regional planstrategi 2016-2020
Informasjon om arbeidet med Regional planstrategi 2016-2020
Regional planstrategi 2016-20120_Utfordringar

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regional planmyndighet skal utarbeide regionale planer for dei spørsmål som er fastsatt i den regionale planstrategien. Hordaland fylkeskommune har utarbeida eit framlegg til regional planstrategi for perioden 2016-2020. Denne er på høyring med frist 15 september.

Vurdering

Regional planstrategi inneheld langsiktige mål for utviklinga i fylket og hovudmål for dei næraste fire åra. For kvart hovudmål er det utforma strategiar og fastsett kva planar som skal utarbeidast. Strategien gir føringar for kva som skal prioriterast, slik at både fylkeskommunen, stat og kommune kan dra i same retning.

Langsiktig mål: Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande.

Planframlegget inneheld ein utviklingsplan for Hordaland fylke med fylgjande hovudmål for perioden:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

For kvart hovudmål er det forslag om strategiar og planarbeid for å oppnå måla.

Regional planlegging har langsiktig karakter. Oppfølgingsarbeidet til planstrategien er avhengig av fortsatt innsats frå offentlege så vel som private organ. Planstrategien seier at gjensidig forpliktande regionale planar med offensive og realistiske handlingsprogram, bindande retningslinjer for arealbruk, utviklings- avtaler og partnerskap, skal sikre gjennomføring av strategien på lang sikt. Revisjon av handlingsprogram, strategiar og større samarbeidsprosjekt vil fremja resultat av planstrategien innan ein kortare tidshorisont.

Administrasjon sine kommentarar til utviklingsplan for Hordaland:

I høve til layout eller form på utviklingsdokumentet, verkar det litt utydeleg at det i grå tekstboks til dømes på side 12, er sett opp overskrifter «nye, revisjon, gjennomføring» i ein og same tekstboks, utan særskilt overskrift over kva som skal prioriterast. Slik vi oppfattar det, er planstrategien sitt hovudformål å få fram kva planer som skal lagast i perioden. For å tydeleggjere dette, kunne oppsettet med gjennomføring av planer, som er vedtekne, vore teke ut av tekstboksen og sett inn i sjølve tekstdokumentet.

I høve til medverknad meiner administrasjonen at det er positivt at Hordaland fylkeskommune peiker på at partnerskap og gjensidig samarbeid er viktig for å få til gode planprosesser. Dette vil Meland kommune understreke tydinga av. Vi må ha samarbeid og felles forståing om kva som er utfordringane for at vi skal få ei god utvikling i vestlandsregionen. Like viktig er det at statlege organ og kommunar fremjar mål og strategiar som dreg i same retning innanfor eige ansvarsområde. Frå kommunen sin ståstad er det sentralt at vi vert ein *reell* medspelar i utforminga av regionale planar. Planen har stor tyding for korleis vi skal drive arealforvaltning og samfunnsutvikling i våre kommunar.

Kapitel 2.1 Høg sysselsetting

Revisjon av regional næringsplan; administrasjon ser positivt på at regional plan for næring skal rullerast. Næringsretta arbeidet bør også systematiserast på regionalt nivå og her må ein setje inn ressursar for å få ein sterk næringsregion. Det kan tydeleggjerast at det i planarbeidet må vere eit formalisert samarbeid med næringslivet, utdanningsinstitusjonane og kommunane i planprosessen. Samspelet mellom dei ulike aktørane er avgjerande for å få ein realiserbar og god plan.

Kapitel 2.2 Eit inkluderande samfunn

Prosjekt og tiltak for kvalitet i oppvekst; Kvalitetsutfordringa i utdanningssystemet frå barnehage til vidaregåande skule er ikkje omfatta av ein felles plan i dag. Fylkeskommunen skriv dei vil arbeide med strategiar for å samordne dette. Dette er svært positivt. Arbeidet med å unngå fråfall i vidaregåande skule byrjar alt i barnehage. Andre forhold som t.d. familie, helse, sosialt nettverk m.m. har og noko å seia. For å få bukt med «dropouts» må ein tenke heilskap i planlegginga. Heilskaplege strategiar for kvalitet i utdanninga vil og auke kvaliteten på læring, oppvekst og folkehelse.

Gjennomføring av regional plan for attraktive senter: Hordaland fylkeskommune skriv at utvikling av attraktive senter er fanga opp i Regional plan for attraktive senter, og fylkeskommunen «vil setje fullt trykk på gjennomføring» Slik administrasjon oppfattar det er Regional plan for attraktive senter litt rigid og kan opplevast som eit hinder for god utvikling i kommunane. Fylkeskommunen burde setje inn planressursar for å effektivisere samferdselstilbodet, då dette er eit av det mest sentrale temaområde for utvikling av regionale senter og tettstader. Hordaland fylkeskommune har eit ansvar og sit på verkemiddel for å få på plass eit meir effektivt kommunikasjonssystem. Korleis ein skal utvikle gode kollektive transportløysingar og effektive gang og sykkelveggar, burde vore ein sentral del

av planstrategien. Dette heng og saman med korleis ein skal vere med å leggje til rette for god næringsutvikling.

"Regionsentertanken er sterk i planen. Hordaland består av både byar, regionsenter og bygder. Det er viktig å leggja til rette for levande bygder samstundes som ein styrker regionsentra."

2.3 Klima og miljøvenleg utvikling

Samordna areal- og transportplanlegging; Her det eit mål å redusera transportbehovet. Fortetting langs stamlinjer for kollektivtransport, tilrettelegging for gåande og syklande er sentralt for utviklinga av Hordaland si berekraft.

Planstyrt areal- og naturressursforvaltning; Hordaland fylkeskommune skriv at «forpliktande regional arealplanlegging gir føreseielege og meir effektive planprosessar, og må styrkast». Administrasjonen er samd i at ein bør ha ei føreseieleg arealplanlegging, men stiller spørsmål om kva som er meint med dette i planstrategien og kvifor det er framheva så sterkt i utviklingsplan for fylkeskommunen. Kva ligg i dette? Det er kommunane som har det lokale ansvar for arealplanlegging og dei held seg til nasjonale planretningslinjer i sitt planarbeid.

Som eit resultat av ei sterkare planstyrt areal- og naturressursforvaltning, skal det utarbeidast ein «*regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar*». Innhaldet i denne planen er svært ambisiøst. Kunne det vere betre å lage ein plan som omhandlar kulturminneinteresser, som er innanfor Hordaland fylkeskommune sitt forvaltningsområde? Administrasjon meiner og at det verkar uklart kva rolle og tyding denne planen skal ha. Eit slik planverktøy vil vere av stor tyding for kommunane som skal handsame planer og plansaker. I denne planprosessen må Hordaland fylkeskommune ha eit nært og forpliktande samarbeid med kommunane.

2.4 Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

Meland kommune meiner at dette er eit av det mest sentrale momentet i Hordaland fylkeskommune sin utviklingsplan. Fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar og det å skape ein sterk vestlandsregion, har ikkje vore godt nok prioritert i det fylkeskommunale arbeidet. Regionalt nivå sin rolle som pådrivar, for å fremje felles interesser for kommunane innan næringsutvikling og transport bør forsterkast i strategien. Fylkeskommunen må vere ein pådrivar for å få på plass gode løysingar innan transportplanlegging som, jernbane og vegutbetring av E16 og E 39.

Oppsummert

Medverknad: Administrasjon understreker tydinga av at Hordaland fylkeskommune og kommunane må ha forpliktande samarbeid og felles forståing om kva som er utfordringane, for at vi skal få ei god utvikling i vestlandsregionen.

Det er svært positivt at det vert sett fokus på å sjå på kvalitet i oppvekst i samanheng. Her har kommunane og fylkeskommunen viktige roller i å kommunisere på tvers av oppvekst arena.

Hordaland fylkeskommune har eit ansvar og set på verkemiddel for å få på plass effektive

kommunikasjonssystem. Korleis ein skal utvikle effektive kollektive transportløyser og gode gang og sykkelveggar, burde vore ein sterkare del av planstrategien. Dette heng og saman med korleis ein skal vere med å leggje til rette for god nærings- og senterutvikling.

«Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar». Administrasjon rår til at omfanget av plantema vert redusert til kulturminneressursar i denne perioden.

Samarbeid om ein sterk vestlandsregion bør vere eit av det mest sentrale momentet i Hordaland fylkeskommune sin utviklingsplan. Fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar og det å skape ein sterk vestlandsregion har ikkje vore godt nok prioritert. Det er her ein bør setje inn ressursar for å at Hordaland skal ha slagkraft i høve til overordna næring og transportutvikling.

Framlegg til vedtak:

«Meland formannskap vedtek at saksutgreiinga her er Meland kommune sin uttale til «Utviklingsplan for Hordaland, Regional planstrategi 2016-2020».»

Formannskapet - 74/2016

FS - behandling:

Framlegg til tilleggstekst frå Marit Jøssang, KrF:

"Til kap 2.2.

"... byrjar alt i barnehage. Andre forhold som t.d. familie, helse, sosialt nettverk m.m. har og noko å seia."

Til slutt i kap 2.2.

"Regionsentertanken er sterk i planen. Hordaland består av både byar, regionsenter og bygder. Det er viktig å leggja til rette for levande bygder samstundes som ein styrker regionsentra."

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggstekst frå Marit Jøssang vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

«Meland formannskap vedtek at saksutgreiinga her med tilleggstekst er Meland kommune sin uttale til «Utviklingsplan for Hordaland, Regional planstrategi 2016-2020».»

